

Studenttingsmøter 2016-17

Sakspapir nr 5/16-17

Møtedato 25.01.17



Studenttinget 2016/2017

Sakliste til 5. møte, 25.01.17

Sak 00 - 16/17:	Val av ordstyrar og teljekorps.....	2
Sak 01 - 16/17:	Godkjenning av innkalling og referat	3
Sak 02 - 16/17:	Godkjenning av sakliste og dagsorden	4
Sak 03 - 16/17:	Orienteringar	5
Sak 26 – 16/17:	Forretningsorden for studenttinget	6
Sak 27 – 16/17:	Godkjenning av rekneskap for 2016.....	8
Sak 28 – 16/17:	Vedtak av budsjett 2017.....	10
Sak 29 - 16/17:	Val av delegatar til landsmøtet i Norsk Studentorganisasjon	11
Sak 30 - 16/17:	Høyring: styringsmodell for HVO.....	13
Sak 31 - 16/17:	Bokhandel på Campus	14
Sak 32 - 16/17:	Matstasjon på Kaarstad.....	15
Sak 33 - 16/17:	KPL-workshop	16
Sak 34 - 16/17:	Endring av vedtektene til STiV.....	17
Sak 35 – 16/17:	Ymse	22
Sak 30 - 16/17:	Vedlegg 1. Utkast til høyringsbrev.....	23
Sak 30 - 16/17:	Vedlegg 2. Vurderingsgrunnlag, styringsmodell HVO	25

Studenttingsmøter 2016-17

Sakspapir nr 5/16-17

Møtedato 25.01.17



Sak 00 - 16/17: Val av ordstyrar og teljekorps

Type sak: Vedtakssak
Sakshandsamar: Karoline Strand

Studenttinget innstiller Nikolai Hannevik Nordlid som ordstyrar.

Arbeidsutvalet innstiller Serghei Levenco og Marit Aklestad til teljekorps.

Forslag til vedtak:

Studenttinget vel Nikolai Hannevik Nordlid som ordstyrar.

Studenttinget vel Serghei Levenco og Marit Aklestad til teljekorps.

Studenttingsmøter 2016-17

Sakspapir nr 5/16-17

Møtedato 25.01.17



Sak 01 - 16/17: Godkjenning av innkalling og referat

Type sak: Vedtakssak
Sakshandsamar: Nikolai Hannevik Nordlid

Studenttinget innstiller, i denne rekkjefylgja:

- Innkallinga
- Referatet

Forslag til vedtak: Studenttinget godkjenner innkalling og referat.

Studenttingsmøter 2016-17

Sakspapir nr 5/16-17

Møtedato 25.01.17



Sak 02 - 16/17: Godkjenning av sakliste og dagsorden

Type sak: Vedtakssak
Sakshandsamar: Nikolai Hannevik Nordlid

Forslag til sakliste og dagsorden

Møtestart kl 17.00

Sak 00 – Val av ordstyrar og teljekorps	17.00 – 17.10
Sak 01 – Godkjenning av innkalling og referat	
Sak 02 – Godkjenning av sakliste og dagsorden	
Sak 03 – Orienteringar	
Sak 30 – Forretningsorden for studenttingsmøta	17.10 – 17.20
Sak 31 – Godkjenning av rekneskap for 2016	17.20 – 17.30
Sak 32 – Vedtak av budsjett 2017	17.30 – 17.40
Sak 33 – Val av delegatar til landsmøtet i NSO	17.40 – 18.00
Sak 34 – Høyring: styringsmodell HVO	18.00 – 18.20
Kaffipause	
Sak 35 – Behov for bokhandel på campus	18.25 – 18.40
Sak 36 – Matstasjon på Kaarstad	18.40 – 18.55
Sak 37 – KPL-workshop	18.55 – 19.10
Sak 38 – Endring av vedtektene til STiV	19.10 – 19.30
Sak 39 – Ymse	19.30 – 19.40

Møteslutt ca 19.40

Forslag til vedtak: Studenttinget godkjenner sakliste og dagsorden

Studenttingsmøter 2016-17

Sakspapir nr 5/16-17

Møtedato 25.01.17



Sak 03 - 16/17: Orienteringar

Møtedato: 25.01.17

Sakshandsamar: Karoline Strand

- Arbeidsutvalet
- Høgskulestyret
- Studentsamskipnaden for Sunnmøre
- Andre

Forslag til vedtak : Det er ikkje vedtak i orienteringssaker.

Studenttingsmøter 2016-17

Sakspapir nr 5/16-17

Møtedato 25.01.17



Sak 26 – 16/17: Forretningsorden for studenttinget

Type sak: Vedtakssak
Sakshandsamar: Karoline Strand

Utkast til forretningsorden for studenttingsmøta:

Forretningsorden

Reglar og retningslinjer for ordskiftet i studenttingsmøta i Studenttinget i Volda.

Taletid:

Taletida skal normalt ikkje vere meir enn 2 minutt for innlegg, 1 minutt for replikkar.

Alle med forslagsrett kan foreslå endringar i taletid for enkeltsaker undervegs i møtet. Ordstyrar kan innføre tidtaking, og kan også «banke» innlegg som overskrid tilmålt tid.

Ordstyrar kan også «banke» usaklege eller ufine innlegg.

Opning av ei sak:

Før ordstyrar opnar for debatt, vil sakshandamar kort presentere saka og avklare eventuelle spørsmål. Då har studenttingsrepresentantane høve til å stille spørsmål ved å rekkje opp handa.

Har ein opplysningar/kommentarar som kan påverke korleis saka skal handsamast (t.d. om det skal vere diskusjons- eller vedtakssak), må ein be om ordet ved å vise teiknet for «til dagsorden»/saksopplysning (time-out-teiknet).

Å teikne seg til debatt:

Ein teiknar seg til innlegg (ein finger i vêret) og replikk (to fingrar i vêret) og sørgjer for at ordstyrar ser det og noterer det på talarlista.

- Innlegg (ofte kalla hovudinnlegg) er kjenneteikna av at ein legg fram sitt syn i saka ved sakleg argumentasjon. I vedtakssaker kan ein også leggje fram forslag til vedtak i innlegget (sjå eige punkt om dette).
- Replikkar er kommentarar eller spørsmål retta mot eit innlegg.

Eit innlegg kan «pådra seg» fleire replikkar. Ein må teikne seg for replikk under innlegget ein ynskjer replikk på. Alle som har teikna seg til replikk under innlegget får så ordet etter tur. Vedkomande som heldt innlegget, får til slutt moglegheit til å kome med ein svar-replikk. (ordstyrar spør om ein ynskjer svar-replikk). Deretter går ein vidare på den ordinære talelista med neste innlegg.

Studenttingsmøter 2016-17

Sakspapir nr 5/16-17

Møtedato 25.01.17



Det er ikkje høve til å kome med replikk til replikk. Då må ein i staden teikne seg for nytt innlegg. Undervegs i debatten kan ein fritt teikne seg for nye innlegg heilt fram til ordstyrar set strek.

Å setje strek:

Ordstyrar passar tida, og vurderer om/når det er naudsynt å avslutte debatten og kome vidare i saklista. Dette skjer ved å setje strek. Setjing av strek vert varsla slik; ordstyrar opplyser om at det vert set strek under neste innlegg. Då er det i løpet av neste talar sitt innlegg siste anledning til å teikne seg til innlegg på talelista. Etter dette er det berre høve å teikne seg til replikk.

Framlegg til vedtak:

Representantane i studenttinget kan i alle vedtakssaker fremje eigne, nye, alternative forslag til vedtak, som då vert stemt over. Framlegg til vedtak skal i hovudsak leverast skriftleg. Det er også høve til å levere framlegg før møtet. Desse vert då delt ut til alle før møtestart. Framlegg til vedtak kan både vere alternative forslag til det framlegget som ligg føre i sakspapira, eller tilleggspunkt som ein ynskjer å få med i vedtaket.

Frist for å fremje forslag til vedtak er når det vert sett strek i debatten.

Pause i debatten:

I krevjande saker kan ein be om ein pause i debatten der studenttingsrepresentantane får snakke saman meir uformelt før dei samlast til ordskiftet att. Dette kan t.d. vere nyttig dersom ein ynskjer at studenttinget saman utarbeider ei ny formulering til eit vedtak. Ynskjer ein ei slik pause, må ein be om det i eit innlegg. Ordstyrar slår fast kor lang pausen skal vere.

Studenttinget dd.mm.år

Forslag til vedtak: Studenttinget vedtek ovanstående forretningsorden til studenttingsmøta

Studenttingsmøter 2016-17

Sakspapir nr 5/16-17

Møtedato 25.01.17



Sak 27 – 16/17: Godkjenning av rekneskap for 2016

Type sak: Vedtakssak
Sakshandsamar: Håvard Bjørnerem

Rekneskap for STiV 2016

Inntekter		
Støtte frå HVO	kr	110 000
Støtte frå Studentsamskipnaden i Volda	kr	90 000
Inntekter frå standleige	kr	6 000
Totalt	kr	206 000

Utgifter

Drift av STiV	Revidert budsjett	Utgifter	Til gode
Seminar, kurs o.l.	kr 24 000	kr 21 809,64	kr 2 190,36
Møtegjennomføring	kr 23 000	kr 22 984,06	kr 15,94
Informasjon/profilering	kr 35 000	kr 34 089,91	kr 910,09
Sosialt	kr 20 000	kr 17 556,73	kr 2 443,27
Drift	kr 3 000	kr 1 433,30	kr 1 566,70
Anna	kr 5 000	kr 3 447,90	kr 1 552,10
Sum	kr 110 000	kr 101 321,54	kr 8 678,46

Støtte til studentaktivitet	Revidert budsjett	Utgifter	Til gode
Lag/organisasjonar	kr 80 000	kr 71 400,00	kr 8 600,00
Pris for internasjonalisering	kr 5 000	kr 5 000,00	kr -
Fadderveka	kr 5 000	kr 5 000,00	kr -
Sum	kr 90 000	kr 81 400,00	kr 8 600,00

	Revidert budsjett	Utgifter	Til gode
Resultat	kr 200 000	kr 182 721,54	kr 17 278,46

Studenttingsmøter 2016-17

Sakspapir nr 5/16-17

Møtedato 25.01.17



Rekneskap, strategiske midlar

Strategiske midlar	Tildelt sum	Utgifter	Til gode
Psykisk fagdag	kr 10 000	kr 10 000,00	kr -
Utveksling 1-2-3	kr 8 000	kr 6 030,00	kr 1 970,00
Norskkurs, Erasmus-studentar (V2016)	kr 22 500	kr 20538,00	kr 1 962,00
Norskkurs, Erasmus-studentar (H2016)	kr 17 500	kr 19 338,00	kr -1 838,00
Sum	kr 58 000		kr 2 094,00

Forslag til vedtak: Studenttinget godkjenner rekneskapen for 2016

Studenttingsmøter 2016-17

Sakspapir nr 5/16-17

Møtedato 25.01.17



Sak 28 – 16/17: Vedtak av budsjett 2017

Type sak: Vedtakssak
Sakshandsamar: Håvard Bjørnerem

Forslag til budsjett 2017

Inntekter	
Støtte frå HVO	kr 125 000
Støtte frå SiV	kr 90 000
Standleige	kr 5 000
Totalt	kr 220 000

Kommentarar:

Øyremarka lag- og organisasjonar

Utgifter	
Drift av STiV	
Seminar, kurs o.l.	kr 39 000
Møtegjennomføring	kr 23 000
Informasjon/profilering	kr 35 000
Sosialt	kr 20 000
Drift	kr 3 000
Anna	kr 5 000
Sum	kr 125 000
Støtte til studentaktivitet	
Lag/organisasjonar	kr 85 000
Fadderveka	kr 5 000
Pris, internasjonalisering	kr 5 000
Sum	kr 95 000
Totalt	kr 220 000

Kursing tillitsvalde/lag og org, psykisk helse, KiV 2016 m.m
Studenttingsmøter, lag og org, studentråd, AU.
STiV-genserar/t-skjorter, refleks, #LMNSO-profilering
Sosialt for stud.tinget, inkl. hyttetur (leige, transport, mat)
Kontoret, kaffi o.l.
Gåver, uforutsatte utgifter m.m.

Fast post

Forslag til vedtak: Studenttinget godkjenner budsjettet for 2017

Studenttingsmøter 2016-17

Sakspapir nr 5/16-17

Møtedato 25.01.17



Sak 29 - 16/17: Val av delegatar til landsmøtet i Norsk Studentorganisasjon

Type sak: Vedtakssak
Sakshandsamar: Karoline Strand

Studenttinget i Volda skal velje utsendingar til Landsmøtet i NSO. Det skal veljast fire utsendingar (tre delegatar og ein observatør) og tre varaer.

Landsmøtet (LM) er Norsk studentorganisasjon (NSO) sitt øvste organ og finn stad i **Tønsberg 24.-26. mars**. Her tek ein dei viktigaste beslutningane i organisasjonen. Landsmøtet vert arrangert éin gong i året og er sett saman av representantar får alle medlemslaga i NSO.

Landsmøtet kan ha opp mot 300 deltakarar. Difor har møtet ein fast struktur, og krev at alle deltakarane er godt førebudde. Vi oppmodar alle til å delta på regionmøter og lese informasjonen godt. I NSOs vedtekter står det om dei formelle rammene for landsmøtet. I tillegg blir det laga ein forretningsorden som regulerer sjølve gjennomføringa av møtet. Sentralstyret utarbeider eit forslag til forretningsorden som blir sendt ut med resten av sakspapira til landsmøtet.

På LM skal vi blant anna gjennomføre:

- Val av arbeidsutval nasjonalt
- Vedtekter
- Politiske plattformer; internasjonal plattform og plattform for organisering og dimensjonering av høgare utdanning (ei utdjuving av prinsippprogrammet)
- Handlingsplan 2017/2018
- Regnskapet for 2016
- Rammebudsjett for 2018
- Rapportar/orienteringer
- Resolusjoner
- Generaldebatt (open diskusjon om alle tema)

LM er eit arrangement som er krevjande både fysisk og psykisk. Det blir lange dagar på delegasjonsbenken og kunnskapen til kvart einskilt medlemslag vert verkeleg sett på prøve. For at vi skal vere budde på best mogleg vis, vil det vere førebuingmøter (formøter) blant delegatane, leia av AU. Her vil vi gå gjennom alt frå sakspapir til debattrening på talarstol. Vi vil minne om at dette krev ein del tid frå kvar enkelt, samt motivasjon til å vere til stades.

Studenttingsmøter 2016-17

Sakspapir nr 5/16-17

Møtedato 25.01.17



I tillegg til dette, reiser representantane på regionsmøte saman med andre medlemslag i **Bergen 11.-12. mars**. Vi vil understreke at vi ikkje kan ordne “gyldig fritak” frå undervisning, men vi kan skrive dokumentasjon slik at kvar enkelt sjølv kan søkje om gyldig fråvær hjå studiekoordinator og dekan.

Forslag til vedtak: Studenttinget vel fire delegatar og tre varaer til landsmøtet i Norsk Studentorganisasjon

Studenttingsmøter 2016-17

Sakspapir nr 5/16-17

Møtedato 25.01.17



Sak 30 - 16/17: Høyring: styringsmodell for HVO

Type sak: Diskusjonssak

Sakshandsamar: Lisa S. Kalvø

Sidan vi allereie har gjort vedtak i denne saka før jul, ynskjer arbeidsutvalet meir informasjon ut i frå spørsmål nemnt i høyringa frå leiinga. Referent Marit Aklestad noterer kommentarar på møtet og samlar desse i eit høyringssvar som vert sendt over til leiinga.

Leiinga ynskjer at alle avdelingar ved HVO, inkludert STiV, kjem med tilbakemelding på fylgjande spørsmål (henta frå utkast til høyringsbrev):

- 1) Ved HVO er ein er godt kjend med vald leiing, ein ønskjer at de kjem med vurdering/tilbakemelding på fordelar og ulemper med dagens modell.
- 2) Vi ønskjer og vurdering/tilbakemelding på fordelar og ulemper ved tilsett rektor
- 3) Eit sentralt spørsmål i vurderinga er om ein kan oppnå fordelar/forbetringar ved bytte av styringsmodell, eller om det er betre å oppretthalde dagens modell ved val.
- 4) Vi ønskjer tilbakemelding på/tankar om innføring av tilsett rektor vil føre til at administrativ leiing og dagleg drift blir prioritert framfor fagleg leiing, eller omvendt.
- 5) Vi ønskjer vurderingar om kva endringar eit skifte av styringsmodell vil føre til i organisasjonen. Her kan dokumentet «Leiing, organisering og styring» vere til hjelp.
- 6) Vi ber om at ein foreslår den modellen ein vurderer som best for HVO i dagens situasjon og i overskueleg framtid. Dersom det er usemje, må dette kome fram og ein foreslår ikkje noko samla. Vurderingane som ligg bak og kva usemja bygger på må kome fram.

Frist for tilbakemeldingar er 20. februar. Alle innsende høyringssvar vert offentlege vedlegg til saka i Høgskulestyret.

NB: Saka har to prenta vedlegg, sjå bakerst:

- Vedlegg 1. Utkast til høyringsbrev
- Vedlegg 2. Vurderingsgrunnlag, styringsmodell HVO

Saka har eit uprenta vedlegg (sendt på e-post): Oversyn over styringsordningane ved Høgskulen i Volda.

Forslag til vedtak: det blir ikke gjort vedtak i diskusjonssaker

Studenttingsmøter 2016-17

Sakspapir nr 5/16-17

Møtedato 25.01.17



Sak 31 - 16/17: Bokhandel på Campus

Type sak: Diskusjonssak
Sakshandsamar: Marie Havnsund

Dei siste åra ha HVO hatt ein bokhandel på campus (Ivar Aasen-huset). Tidlegare var dette «fagbok», drive av Studentsamskipnaden i Volda. No er det bokhandelkjeda Akademika som driv bokhandelen her. Leiinga ynskjer no at Studenttinget skal diskutere behovet for å ha ein bokhandel på campus. Blir bokhandelen brukt? Av kven? Tilfører bokhandelen noko til campus?

Leiinga ynskjer å vite meir om bokhandelen dekkjer dagens behov og om studentane nyttar den for å kjøpe pensumlitteratur og liknande. Bør det i planlegginga av det nye mediebygget prioriterast plass til bokhandel?

Forslag til vedtak: det blir ikke gjort vedtak i diskusjonssaker

Studenttingsmøter 2016-17

Sakspapir nr 5/16-17

Møtedato 25.01.17



Sak 32 - 16/17: Matstasjon på Kaarstad

Type sak: Diskusjonssak

Sakshandsamar: David Fiskaa

Etter vedtak frå Studenttinget vart kantina på Kaarstad vedteken nedlagt i 2015. Arbeidsutvalet ynskjer no å diskutere med studenttinget kva behov Kaarstad har for matstasjonar og liknande automatar. For eksempel må AU får svar på kva desse skal innehalde. Vi bed om at studenttinget vurderer sine forslag opp mot det som er rasjonelt både med tanke på kostnader og drift.

Det er per dags dato kantina under Studentsamskipnaden i Volda som har ansvar for skulen sine automatar, medan plassering av desse fell inn under avd. Drift – HVO.

Forslag til vedtak: det blir ikke gjort vedtak i diskusjonssaker.

Studenttingsmøter 2016-17

Sakspapir nr 5/16-17

Møtedato 25.01.17



Sak 33 - 16/17: KPL-workshop

Type sak: Diskusjonssak
Sakshandsamar: Karoline Strand

Studenttinget har tidlegare etterspurt moglegheiter til å kunne bidra og gjere meir praktisk arbeid utover det å sitje i gruppediskusjonar på møta. AU føreslår no at vi alle saman skal ha ein workshop innanfor KPL – Kreativ problemløysing. Her vil vi alle bidra som enkeltindivid og i eit samspel og kome fram til to produkt; nye stillingsbeskrivingar for AU, samt arbeidsprogram for 2017/2018.

AU ynskjer innspel på dato, tid og innhald i ein slik kveld, og håpar flest mogleg i Studenttinget ynskjer å delta og bidra til ein slikk workshop.

Forslag til vedtak: det vert ikkje gjort vedtak i diskusjonssaker.

Studenttingsmøter 2016-17

Sakspapir nr 5/16-17

Møtedato 25.01.17



Sak 34 - 16/17: Endring av vedtektene til STiV

Type sak: Vedtakssak
Sakshandsamar: Karoline Strand

Arbeidsutvalet har i sin gjennomgang av vedtektene kome fram med ein del generelle og redaksjonelle endringar. Alle endringsforslaga har sin bakgrunn i konkretisering av gjeldande vedtekter og nokon mindre politiske endringar. Dei redaksjonelle endringane er føreslege endra for å gjere språket og flyten i vedtektene betre.

Forslag til vedtak: Studenttinget gjer vedtak om å opne vedtektene for endringar

Framlegg til redaksjonelle endringar i vedtektene frå AU:

§1.3 Definisjonar	Redaksjonelt - tilleggsforslag
FRA:	STiV-representantar: Dei 11 valde representantane i Studenttinget i Volda
TIL:	STiV-representantar: Dei 11 valde hovud representantane i Studenttinget i Volda

§5.4 Funksjonstid, punkt d)	Redaksjonelt - tilleggsforslag
FRA:	d) Dersom eit medlem i arbeidsutvalet sluttar ved HVO, må vedkomande trekke seg frå sitt verv, men vil inneha vervet til suppleringsval og overlappingsperiode er gjennomført.
TIL:	d) Dersom eit medlem av arbeidsutvalet sluttar som student ved HVO, må vedkomande trekke seg frå sitt verv, men vil inneha vervet til suppleringsval og overlappingsperiode er gjennomført.

Studenttingsmøter 2016-17

Sakspapir nr 5/16-17

Møtedato 25.01.17



§6.1 Generelle vedtak, punkt c)	Redaksjonelt - tilleggsforslag
FRA:	c) Oppretting og nedlegging av permanente stillingar kan berre fattast av Studenttinget i samråd med Høgskulen og Samskipnaden.
TIL:	c) Oppretting og nedlegging av permanente stillingar kan berre fattast av Studenttinget i samråd med Høgskulen og Studentsamskipnaden i Volda.

§12.3 Møtegjennomføring, punkt b)	Redaksjonelt - endringsforslag
FRA:	b) Ein av styremedlemmane i STiV er møteleiar.
TIL:	b) Ein frå arbeidsutvalet i STiV er møteleiar.

§16.1 Valmåde	Redaksjonelt - endringsforslag
FRA:	b) Studium med nettstudentar eller halvtidsstudentar treng ikkje tillitsvalde for STiV si verksemd.
TIL:	b) Studium med nettstudentar eller deltids studentar treng ikkje tillitsvalde for STiV si verksemd.

Forslag til vedtak: Studenttinget godkjenner alle redaksjonelle endringar nemnt ovanfor.

Framlegg til endringsforslag til vedtektene:

Må vedtakast ein for ein.

§3.2 Generelle vedtak, punkt c)	Endringsforslag 1: Endringsforslag
FRA:	Studentrådet skal ha minst to møte i kvart semester. Det første møtet i haustsemesteret kan slåast saman med kurs for dei tillitsvalde.
TIL:	Studentrådet skal ha minst eit møte kvart semester. Møtet på haustsemesteret kan kombinerast med kurs for dei tillitsvalde.

Studenttingsmøter 2016-17

Sakspapir nr 5/16-17

Møtedato 25.01.17



BAKGRUNN:	Studentrådet har berre hatt eit møte per semester dei siste åra. Det burde kunne være opp til arbeidsutvalet om det er naudsynt med to møter per semester eller ikkje. Ei slik endring gir også Fagansvarleg meir fridom i sitt arbeid.
------------------	---

Forslag til vedtak: Studenttinget vedtek endringsforslag 1 over.

§4.1 Generelle vedtak, nytt punkt	Endringsforslag 2: Tilleggsforslag
FRA:	
TIL:	f) Dersom ein som studentrepresentant i studenttinget er fráværande på to møter eller meir utan å melde avbod, har arbeidsutvalet rett til å bestemme om denne representanten får fortsette i tinget.
BAKGRUNN:	I enkelte tilfelle skjer det at tinget har representantar som ikkje møter på møta, og heller ikkje seier ifrå. Vi ønskjer difor moglegheita til å fjerne representantar som ikkje oppfyller møteplikta.

Forslag til vedtak: Studenttinget vedtek endringsforslag 2 over.

§5.1 Generelle vedtak	Endringsforslag 3 Endringsforslag
FRA:	c) Medlemene i arbeidsutvalet kan ikkje stille til eller inneha verv i Høgskulestyret
TIL:	c) Leiar og nestleiar i arbeidsutvalet kan ikkje stille til eller inneha verv i Høgskulestyret.
BAKGRUNN:	Vi meiner at dei andre medlemene i AU burde få moglegheita til å stille til Høgskulestyret på lik linje med andre studentar. Vi meiner at dette ikkje gjeld leiar og nestleiar, som vil arbeide for tett opp mot Høgskulestyret frå før av.

Forslag til vedtak: Studenttinget vedtek endringsforslag 3 over.

Studenttingsmøter 2016-17

Sakspapir nr 5/16-17

Møtedato 25.01.17



§6.1 Generelle vedtak	Endringsforslag 4 Endringsforslag
FRA:	b) Høgskulen har arbeidsgjevaransvaret, og utarbeidar stillings- og arbeidsinstruks for organisasjonskonsulenten. Stillings- og arbeidsinstruksen må godkjennast av Studenttinget.
TIL:	b) Høgskulen har arbeidsgjevaransvaret, og utarbeidar stillings- og arbeidsinstruks for organisasjonskonsulenten. Stillings- og arbeidsinstruksen må godkjennast av arbeidsutvalet .
BAKGRUNN:	AU er den som har godkjent stillings- og arbeidsinstruksen dei siste åra og vil halde fram med dette. Ei slik godkjenning må ofte skje i farta, og det vil vere vanskeleg å skulle halde eit ekstraordinært møte berre for ein instruks. AU er i tillegg det organet som kjenner organisasjonens behov best og kan sikre at oppgåver blir ivaretekne i instruksen.

Forslag til vedtak: Studenttinget vedtek endringsforslag 4 over.

§13.2 Rettar og plikter, punkt a	Endringsforslag 5: Strykningsforslag
FRA:	a. Fylgjande har møteplikt: <ul style="list-style-type: none">• Studenttingsrepresentantane• Arbeidsutvalet• Sekreteriatet• Ein representant frå høgskulearbeidsutvalet• Ein representant frå SfS-arbeidsutvalet• Kontrollkomiteen
TIL:	a. Fylgjande har møteplikt: <ul style="list-style-type: none">• Studenttingsrepresentantane• Arbeidsutvalet• Sekretariatet• Kontrollkomiteen
BAKGRUNN:	Det er ikkje noko som heiter arbeidsutvalet for verken høgskulestyret eller SfS. Vi meiner også at det ikkje alltid er relevant at desse representantane møter på alle møta. Desse representantane er også ivaretatt av "alle" under møterett.

Forslag til vedtak: Studenttinget vedtek endringsforslag 5 over.

Studenttingsmøter 2016-17

Sakspapir nr 5/16-17

Møtedato 25.01.17



§13.3 Møtegjennomføring, punkt f)	Endringsforslag 6: Tilleggsforslag
FRA:	f) Ved røsteliikskap får alle studentar som er til stades røysterett, utanom arbeidsutvalet, kontrollkomiteen, sekretariatet og ordstyrar.
TIL:	f) Ved røsteliikskap får alle studentar som er til stades i møtet røysterett, forutan arbeidsutvalet, kontrollkomiteen, sekretariatet og ordstyrar. Dersom det ikkje er andre studentar til stades, blir saka utsett til neste møte.
BAKGRUNN:	Det har tidlegare vore tilfelle at det ikkje har vore andre studentar til stades på møtet. Då vil ikkje saka ha nokon framgang, og vil uansett måtte utsetjast. Vi ønskjer berre å konkretisere dette i vedtektene.

Forslag til vedtak: Studenttinget vedtek endringsforslag 6 over.

Studenttingsmøter 2016-17

Sakspapir nr 5/16-17

Møtedato 25.01.17



Sak 35 – 16/17: Ymse

Type sak:

Sakshandsamar: Nikolai Hannevik Nordlid

Studenttingsmøter 2016-17

Sakspapir nr 5/16-17

Møtedato 25.01.17



Sak 30 - 16/17: Vedlegg 1. Utkast til høringsbrev

Oversendt frå Høgskuledirektøren:

Utkast til høringsbrev

Styret ved Høgskulen i Volda ønskjer at ein på møte i mars 2017 skal fatte vedtak om kva styringsmodell ein skal ha ved Høgskulen i Volda. Spørsmålet kom i opp i det direktør gjorde det kjend at han går av med alderspensjon juni 2017.

Stortingets fleirtal la til grunn at institusjonar som ønsker å vidareføre sin eksisterande styringsordning kan gjere dette utan å foreta noko eige vedtak om dette. Det ein skal fatte vedtak om blir då om ein skal ha tilsett rektor ved HVO.

Det har tradisjonelt vore to ulike styringsformer ved universitet og høgskular i Norge, vald rektor eller tilsett rektor med dei følgjende dette får.

Alternativa har vore sidestilt i Universitets- og høgskoleloven (UHL). Våren 2016 vart lova endra. Tilsett rektor vart hovudregelen og vald rektor vart unntaket.

Høgskulen i Volda har tatt utgangspunkt i korleis prosessen kring styringsmodell har vore gjort ved andre høgskular og universitet. Ved dei fleste institusjonar tok ein prosessen når høringsbrevet om lovendring kom frå departementet. På grunn av kort høringsfrist og ein sommarferie midt i fristen, vart det ikkje nokon prosess ved Høgskulen i Volda då.

Ved dei andre institusjonane har ein brukt høringsnotatet frå departementet som grunnlag for diskusjonane og vurderingane. Sidan fleire har hatt styringsmodell som styresaker siste tida og debatten er sentral i sektoren, har vi forsøkt å samle argumenta som er brukt for og mot i eit vurderingsgrunnlag. Dette ligg vedlagt.

I tillegg har vi lagt ved dokumentet «leiing, organisering og styring», her har vi forsøkt å forklare korleis ansvar og mynde er fordelt ved Høgskulen i Volda. Blant anna korleis direktør, rektor og prorektor har fordelt arbeidsoppgåver.

Vurderingsgrunnlaget med vedlegg vert sendt til alle avdelingane, avdelingsråd, tillitsvalde, administrative leiarar og studentrepresentantar.

Det vi ønskjer tilbakemelding på er:

Studenttingsmøter 2016-17

Sakspapir nr 5/16-17

Møtedato 25.01.17



- 1) Ved HVO er ein er godt kjend med vald leiing, ein ønskjer at de kjem med vurdering/tilbakemelding på fordelar og ulemper med dagens modell.
- 2) Vi ønskjer og vurdering/tilbakemelding på fordelar og ulemper ved tilsett rektor
- 3) Eit sentralt spørsmål i vurderinga er om ein kan oppnå fordelar/forbetringar ved bytte av styringsmodell, eller om det er betre å oppretthalde dagens modell ved val.
- 4) Vi ønskjer tilbakemelding på/tankar om innføring av tilsett rektor vil føre til at administrativ leiing og dagleg drift blir prioritert framfor fagleg leiing, eller omvendt.
- 5) Vi ønskjer vurderingar om kva endringar eit skifte av styringsmodell vil føre til i organisasjonen. Her kan dokumentet «Leiing, organisering og styring» vere til hjelp.
- 6) Vi ber om at ein foreslår den modellen ein vurderer som best for HVO i dagens situasjon og i overskueleg framtid. Dersom det er usemje, må dette kome fram og ein foreslår ikkje noko samla. Vurderingane som ligg bak og kva usemja bygger på må kome fram.

Frist for å kome med merknader er **20. februar 2017**. Merknader skal sendast til høgskuledirektør. Når vi har fått alle merknader vil vi fullføre styresaka på bakgrunn av innspela vi får.

Som ein del av prosessen ønskjer vi å invitere til eit allmøte om saka. Dette vil skje **torsdag 1. februar 2016 kl. 12 - 15**. Vi har invitert professor i offentleg rett Jan Frithjof Bernt, som skal forklare og avklare roller og ansvar ved dei to ulike modellane. I tillegg kjem rektor Rasmus Stokke som er tilsett rektor ved Høgskulen i Sogn og Fjordane, han skal informere om ordninga med tilsett rektor.

Vurderingsgrunnlag og alle innspel vil vere vedlegg til styresaka. Saka med vedlegg offentleg. Styresaka er planlagt å vere ferdig onsdag 1. mars.

Studenttingsmøter 2016-17

Sakspapir nr 5/16-17

Møtedato 25.01.17



Sak 30 - 16/17: Vedlegg 2. Vurderingsgrunnlag, styringsmodell HVO

Vurderingsgrunnlag – styringsmodell HVO

Nedanfor har ein forsøkt å lage eit vurderingsgrunnlag for saka. I punkt 1 kjem det ein kort gjennomgang av dei to ulike modellane. I punkt 2 er det ei opplisting av kva styringsmodell andre i sektoren har. I punkt 3 har ein sett på argumenta som er brukt for og mot dei to ulike ordningane. Argumenta er henta frå tilsvarande saker i sektoren. Ein har forsøkt å dele opp argumenta alt etter kva område dei gjeld. Ein har landa på 4 punkt, desse skriv seg i hovudsak frå argumenta departementet brukte for at lova skulle endrast. Punkta ein har brukt er:

- a) Styret si samansetning og maktfordelinga i leiinga.
- b) Institusjonen sin autonomi og samfunnsoppdrag.
- c) Val versus tilsetjingsprosess – kvalifiserte kandidatar.
- d) Strategi.

Alt heng sjølvstamt saman og fleire argument gjer seg gjeldande fleire plassar. Ein håper at avdelingane, tenestemannsorganisasjonar og andre utval/råd vil bidra til at ein får opplyst saka frå fleire sider. Det er vanskeleg å få fram kva konsekvensar eit ev. bytte av styringsmodell får for HVO. Dette fordi drifta ved HVO også er avhengig av intern dynamikk (som kanskje blir påverka av styringsmodell?) og institusjonelle tradisjonar.

1. To styringsmodellar

Ordningane blir ofte kalla delt og einskapleg leiing. Dette kan vere misvisande. Uansett kva ordning ein vel er ligg alt styringsansvar ved styret, og alle avgjerdsler er gjort på styret sine vegne, jf. uhl § 9-1.

Tilsett rektor

Studenttingsmøter 2016-17

Sakspapir nr 5/16-17

Møtedato 25.01.17



Dersom ein vel tilsett rektor vil dette seie at rektor vert «dagleg leiar» av høgskulen. Ho vert tilsett i åremålsstilling for 4 år av gangen og kan maks sitte i to periodar, det vil seie totalt 8 år, jf. UHL § 6-4, 1 og 2.

Tilsett rektor sitt ansvars- og myndigheitsområde føl blant anna av UHL § 10-1. Det er styret som tilsett og fastsett kvalifikasjonskrav, kunngjering, innstilling osv. Ho vil ha same oppgåver som administrerande direktør har i dag. I tillegg vil ho vere leiar for den faglege verksemda på same måte som rektor er med dagens ordning.

Ein tilsett rektor har same avgjerdsmynde som rektor og direktør har ved dagens ordning. Ho må ha fullmakt frå styret eller særleg heimel for å treffe avgjersler på vegne av høgskulen.

Ein tilsett rektor vil ikkje vere leiar eller medlem av styret, men sekretær og førebu saker til styret. Kunnskapsdepartementet vil utpeike ein av dei eksterne styremedlemar til å vere styreleiar.

Sidan tilsette rektor har ansvar for både det faglege og det administrative, kan ein tilsette ein administrasjonssjef som får delegert administrative oppgåver frå rektor. Tilsett rektor kan og delegere det samla ansvaret – både fagleg og administrativt – for ulike områder t.d. utdanning og forskning til ein eller fleire prorektorar.

Styret si samansetning blir ved tilsett rektor jf. UHL § 9-3 (1):

4 eksterne styremedlem oppnemnt av KD. Styreleiar er ein av dei oppnemnd av kunnskapsdepartementet

4 medlem vald blant dei tilsette i undervisnings- og forskarstillingar

1 medlem vald blant dei teknisk- og administrativt tilsette

2 medlem vald blant studentane

Tilsett rektor er sekretær og skal, etter samråd med styret sin leiar, førebu og gi tilråding i dei saker som leggjast fram.

Vald rektor:

Studenttingsmøter 2016-17

Sakspapir nr 5/16-17

Møtedato 25.01.17



Dersom ein vel å fortsetje med vald rektor har ein som i dag ein arbeidande styreformann. Ein vel rektor for 4 år av gangen, ho vert tilsett i åremålsstilling og kan sitje i maks to periodar, det vil seie 8 år. Både tilsette og eksterne kan stille til val som rektor.

Vald rektor sitt ansvars- og myndigheitsområde følgjant av UHL § 10-2. Vald rektor fører tilsyn med verksemda på vegne av styret. Vald rektor har eit leiaransvar, men inga sjølvstendig materiell avgjerdsmynde. Vald rektor kan få dette delegert. I tillegg har ho avgjerdsmynde om det er hastesaker, jf. UHL §10-2, 1) b). Rektor har ikkje instruksjonsmynde, verken ovanfor vitskapeleg tilsette eller administrativt tilsette. Vald rektor kallar inn til styremøte og sett opp dagsorden. Både administrerande direktør og eitkvart styremedlem kan forlange innkalling til møte, og dermed at ei bestemt sak skal førast opp på dagsordenen i komande møte.

Styret si samansetning ved vald rektor jf. UHL § 9-3 (1):

4 medlem vald blant dei tilsette i undervisnings- og forskarstillingar. Rektor er styreleiar og trer inn i styret i staden for eit medlem valt blant tilsette i undervisnings- og forskarstillingar.

1 medlem vald blant teknisk- og administrativt tilsette.

2 medlem vald blant studentane.

4 eksterne styremedlem oppnemnd av KD.

Administrerande direktør er sekretær for styret, og skal etter samråd med rektor, førebu og gi tilråding i sakene som leggjast fram for styret.

Same kva styringsmodell ein vel, kan styret endre si eiga samansetning, jf UHL § 9-3 (3).

Dette er tilfelle for HVO. Her har styret følgjande samansetning etter styrevedtak 270406:

Rektor er styreleiar – Johann Roppen

Prorektor er nestleiar – Jens Standal Groven

2 medlemmer vald blant dei tilsette i undervisnings- og forskarstillingar – Janne Heggvoll og Tor Johann Ekeland

Studenttingsmøter 2016-17

Sakspapir nr 5/16-17

Møtedato 25.01.17



1 medlem vald blant dei tilsette i teknisk – og administrative stillingar – Kjell Einar Dagfinnrud

2 medlemmer vald blant studentane – Nikolai Hannevik Nordli og Mari Stavdal

4 eksterne styremedlemmer – Inger Østensjø, Terje Heggem, Endre Brunstad, Kristin Sørheim

2. Kva har andre i sektoren?

Høgskolen i Molde vald rektor.

NMBU tilsett rektor.

NTNU tilsett rektor.

Universitetet i Oslo vald rektor.

Høgskolen i Oslo og Akershus tilsett rektor.

Høgskolen i Hedemark tilsett rektor.

Høgskulen i Sogn og Fjordane tilsett rektor.

Universitetet i Bergen vald rektor.

Nord Universitet tilsett rektor.

Høgskolen i Sørøst-Noreg tilsett rektor.

Høgskolen i Lillehammer tilsett rektor.

Høgskolen i Innlandet tilsett rektor frå 1.1.17.

Høgskulen på Vestlandet tilsett rektor frå 1.3.17.

Arkitektur- og designhøgskolen i Oslo tilsett rektor.

Universitetet i Stavanger tilsett rektor.

Studenttingsmøter 2016-17

Sakspapir nr 5/16-17

Møtedato 25.01.17



3. Vurdering av dei to styringsmodellane.

a) Styret si samansetning og maktfordelinga i leiinga.

I høringsbrevet datert 26. juni 2015 som vart sendt ut i samband med forslag om endring av UHL skriv departementet blant anna om maktfordeling:

«Departementet mener at valgt rektor innebærer at for mye myndighet og ansvar samles på en hånd. Valgt rektor som også er styrets leder er ansvarlig for forberedelse av styresaker, leiing av styremøter, gjennomføring av styrets vedtak, og kan under visse omstendigheter gis delegert myndighet til å treffe beslutninger på hele styrets vegne mellom styremøter. Hun har på styrets vegne det overordnede ansvar for institusjonens virksomhet, inkludert tilsyn med virksomheten. Dette innebærer i realiteten å skulle føre tilsyn med eget arbeid.»

Argument for tilsett rektor i forhold til dette punktet er at vald rektor sit på fleire sider av «bordet», det kan bli sett på som dårleg maktfordeling og det blir ikkje ønska avstand mellom dagleg leiing og styret. Ved tilsett rektor er rollene rektor og styreleiar skilde, dei har ulikt mandat og arbeidsoppgåver, som igjen tek vare på prinsippet om maktfordeling. For stor konsentrasjon av makt svekker styret si rolle som strategisk og uavhengig organ som kan vere eit problem i forhold til styret sin kontrollfunksjonen over den daglege leiinga av institusjonen. Ein ekstern styreleiar vil i større grad føre eit uavhengig tilsyn med leiinga. Samstundes kan ein seie at ein tilsett rektor vil få meir makt i og med at ho både er fagleg og administrativ leiar.

Ved tilsett rektor kan ein seie at det vert eit klarare ansvarsforhold ved at rektor ikkje leiar behandlinga av saker i styret som ho også er med på å legge fram. Det blir og hevda at styret ikkje har reell kontroll-moglegheit ovanfor ein rektor som er valt og som ofte deltek i saksførebuing. Motargument vil vere at det er direktøren som førebur saker til styret, jf UHL § 10-3. Administrerande direktør har eit sjølvstendig ansvar og mynde for dei saker han legg fram.

Ein tilsett rektor vil kanskje ha eit tydlegare mandat frå det styret som tilsett ho. Dette vil kunne vektast både positivt og negativt alt etter korleis ein ser det. Nokre meiner at det vil kunne gi for mykje styring av institusjonane.

Ved HVO er for tida styret samansett slik: 5 interne medlemer inkl. rektor som er styreleiar og prorektor som er nestleiar, 2 studentrepresentantar og 4 eksterne. Ved tilsett rektor vil ein få, dersom ein føl oppsettet i UHL, 5 interne, 4 eksterne inkludert styreleiar som er

Studenttingsmøter 2016-17

Sakspapir nr 5/16-17

Møtedato 25.01.17



oppnemnd av KD og to studentrepresentantar. Forskjellen på dei to samansetningane blir kven som er styreleiar.

Frå nokre i sektoren vert det framheva at det er viktig at rektor som leiar av verksemda er medlem i styret. Ein vald rektor er ein arbeidande styreformann, han kjenner institusjonen. Ein ekstern styreleiar, vil ikkje vere ein del av den daglege leiinga. Styreleiar-vervet vil utførast som eit deltidserverv av ein av dei eksterne styremedlemene. Det kan argumenterast for at ein då får ein styreleiar med eit eksternt blick på HVO, samstundes som ho tek med seg ein annan kompetanse og andre erfaringar.

Kva styringsmodell ein vel vil og kunne få konsekvensar for styret. Det kan argumenterast for at vald rektor kan bidra til å gi styret legitimitet, det vil t.d. kunne vere vanskelegare for ein ekstern styreleiar å komme med inngrep i den daglege verksemda. På den andre sida vil ein ved tilsett rektor berre ha ein som rapporterer til styret, i motsetnad til no, kor både direktør og rektor kan legge fram saker for styret. Dette kan og snus, styreleiar er då prisgitt rektor og dei saksframlegga ho gjer når ein skal fatte vedtak og styreleiar ikkje kjenner interne forhold i detalj. Det same vil gjelde eksterne styremedlem.

Då lovendringa om styringsmodell kom, vart det og endra kven som peiker ut dei eksterne styremedlemene. Før endringa utpeikte fylkeskommunen to og KD to. No er det KD som utpeiker alle 4, og ein av dei til styreleiar.

Kva styreleiar ein får vil difor avhenge av kven som vert utpeikt som eksterne styremedlemer. I høringsbrevet frå departementet står det at dei vil ved oppnemning legge vekt på institusjonen sin profil og utviklingsmoglegheiter og lokale og regionale behov. I forarbeida til UHL er det vist til at dei eksterne ikkje er oppnemnd for å representere særinteresser (jf. Ot.prp. nr. 79 (2003-2004) pkt. 10.2.), og at hensikta med eksterne har vore å styrke styret sin kompetanse og ikkje gi departementet eller andre forvaltningsnivå auka makt og innflytelse ved institusjonen.

I UHL § 9-4 kjem det fram at institusjonen sitt styre skal fremme «forslag» til styremedlem til departementet. Før lovendring i 2002, då tal eksterne styremedlemer vart fastsett til 4, stod det «innstilling», det vart endra til «forslag». Departementet er ikkje bundne av forslaga frå styret. Når det kjem til styreleiar, står departementet heilt fritt til å oppnemne dette, jf. UHL 9-4 nr. 6, 4. setning «departementet oppnevner på fritt grunnlag styreleder...».

I lovkommentar av Jan Fridthjof Bernt står det «det bør imidlertid kunne forutsettes at man bare går ut over denne personkretsen (forslaga) i helt spesielle situasjoner, og institusjonen

Studenttingsmøter 2016-17

Sakspapir nr 5/16-17

Møtedato 25.01.17



bør i så fall gis anledning til å uttale seg om spørsmålet». Han viser til at departementet i visse tilfelle har sett vekk i frå forslag frå institusjonane utan nokon form for dialog.

Det er ein pågåande debatt i sektoren om dette, der fleire institusjonar meiner blant anna at dei ikkje har styremedlemer med nok tilknytning til sin region eller sektor.

Vi viser her til artikkel i Forskerforum datert 29. november 2016 («Universiteta blir bedrifter») der det blir hevda at eksterne styremedlemer t.d. frå privat næring ikkje alltid forstår verdigrunlaget ved eit universitet/høgskule.

For dei universiteta og høgskulane som har tilsett rektor er desse styreleiarane utpeikt av KD:

NMBU: Siri Hatlen (næringslivet)

NTNU: Svein Richard Brandtzæg (næringslivet)

Høgskolen i Oslo og Akershus: Trine Syversten (UH-sektoren)

Høgskolen i Hedemark: Maren Kyllingstad (næringslivet)

Høgskulen i Sogn og Fjordane: Trond Ueland (kommunesektoren)

Nord Universitet: Vigdis Moe Skarstein (UH-sektoren)

Høgskolen i Sørøst-Noreg: Rune Nilsen (UH-sektoren)

Høgskolen i Lillehammer: Peter Arbro (UH-sektoren)

Høgskolen i Innlandet: Elin-Sofie Nesje Vestli (frå 1.1.17, UH-sektoren)

Høgskulen på Vestlandet: Arvid Hallen (frå 1.3.17 offentlig sektor)

Utnemnd av tidlegare regjering:

Arkitektur- og designhøgskolen i Oslo: Rina Brunsell Harsvik (næringslivet)

Sjølv om KD utpeiker styreleiar kan styret med alminneleg fleirtal endre styret si samansetning – styret har altså valfridom, jf. UHL § 9-3 (3).

Studenttingsmøter 2016-17

Sakspapir nr 5/16-17

Møtedato 25.01.17



b) Institusjonen sin autonomi og samfunnsoppdrag.

I høringsbrevet datert 26. juni 2015 som vart sendt ut i samband med forslag om endring av UHL skriv departementet blant anna om samfunnsoppdrag:

«Universiteter og høyskoler fyller store og viktige funksjoner for samfunnet og skal bidra til kritisk refleksjon og utvikling og formidling av ny kunnskap. Institusjonene spiller en helt sentral rolle for å gi velferdssamfunnet nødvendig kompetanse til å bidra til å løse nasjonale og globale utfordringer og for verdiskaping. Det er derfor helt avgjørende at disse institusjonene har kompetent og strategisk ledelse for fylle sin samfunnsrolle og forvalte de verdier som samfunnet investerer i utdanning og forskning. Dette krever etter departementets vurdering at rekrutteringen av ledelse skjer på en åpen måte, som sikrer at de beste lederne rekrutteres.»

Her vil nokre hevde at med tilsett rektor og styreleiar utpeika av KD vil det verte betre samarbeid mellom KD og institusjonane, og at dette vil føre til at ein kan innfri «måla» betre/raskare. Vald leiing blir sett på som ein tillitsvald og interesserepresentant for dei tilsette. Det kan og vere vanskeleg for vald leiing og ta standpunkt i diskusjonar når han eller ho skal tilbake til sitt fagmiljø etter rektorperioden er slutt.

Det vert og hevda at med tilsett rektor, er leiinga samla hos ein person og at avgjersler vert fatta raskare. Her vil det sjølvstøtt variere korleis kvar enkelt institusjon har fordelt arbeidsoppgåvene. Nokre har og argumentert for at ein ved tilsett rektor, misser ledd i prosessane, og at det ikkje alltid er positivt.

Nokre hevdar at tilsett rektor og ekstern utpeika styreleiar gir departementet auka politisk og økonomisk kontroll med universiteta og at det er ein auka tendens til å styre verksemda gjennom forskrifter og retningslinjer, noko som presser på den institusjonelle autonomien.

Medan uavhengig vald leiing gir institusjonell autonomi og fagleg akademisk fridom som er grunnleggande viktig for den rolla institusjonane skal ha, og at ein skal tene samfunnsinteresser uavhengig av politiske og økonomiske føringar. Det blir i diskusjonen vist til at den akademiske fridomen er lovfesta i UHL og vil gjelde uansett kva ordning ein har.

Det vert vidare hevda at ein intern styreleiar forvaltar tradisjonelle verdiar og institusjonen sin kultur og identitet. Interne leiarar kan kanskje i større grad enn eksterne forventast å utøve konservativt leiarskap, medan eksterne kan sjå institusjonen med andre auge. Dette vil sjølvstøtt variere med kven som blir utpeika som styreleiar.

Studenttingsmøter 2016-17

Sakspapir nr 5/16-17

Møtedato 25.01.17



Det vert vidare vist til at ved vald rektor vil departementet framleis ha kontroll/tilsyn med institusjonane gjennom årsrapportar, styrereferat og faste dialog og møte med styret og leiinga. Detaljerte tildelingsbrev frå departementet, rapportering og etatsstyringsmøte vil og gi den sentrale statsforvaltninga betydeleg kontrollierende kraft.

c) Val versus tilsetjingsprosess – kvalifiserte kandidatar

I høyringsbrevet datert 26. juni 2015 som vart sendt ut i samband med forslag om endring av UHL skriv departementet blant anna om val versus tilsetjingsprosess:

«Regjeringen mener at ekstern styreleder og ansatt rektor best legger til rette for rekruttering av den best kvalifiserte ledelsen» og «En fellesnevner for de tyngste institusjonene er likevel at det inviteres betydelig med ressurser i rekrutteringsprosessen for å sikre at den best kvalifiserte lederen rekrutteres.»

«Ansettelse av rektor og ekstern styreleder vil etter departementets syn sikre grundigere og meir opne rekrutteringsprosesser til det som er store og viktige lederposisjoner i samfunnet»

Det er ofte få kandidatar som stiller til rektorval, ved sist val ved HVO var det berre ein, noko som svekker prosessen i seg sjølv og tilliten til den. Det vert vidare vist til at det kan vere ein lukka nominasjonsprosess og at det er i all hovudsak vitskaplege tilsette som sett premissane.

Ei tilsetjing vil kunne føre til større legitimitet. Motargument her er at til tross for få kandidatar ved eit val vil det vere - til tross for ein kanskje lukka nominasjonsprosess - ein meir open prosess enn ein lukka innstilling ved tilsetjing. Søkjarane til stillingar som rektor kan og med god grunngjeving unnta seg offentlegheit. Det at det er få kandidatar til rektorval, kan regulerast ved ein meir omfattande nominasjonsprosess, lova opnar t.d. opp for at kandidatar som ikkje er tilsette også kan stille til rektorval.

Det vert vidare vist til dei demokratiske tradisjonane ved utdanningsinstitusjonane med vald leiing. Her kan ein seie at det er like mykje demokratisk grunngjeve at ein styreleiar utpeikast av ei regjering som spring ut i frå det folkevalde Stortinget. HVO hadde til dømes valde dekanar, men gjekk over til tilsett dekan i 2007. Dessutan vil ein tilsett rektor tilsetjast av eit fleirtal i styret der fleire medlemmer er vald av og blant tilsette og studentar, som gjennom å

Studenttingsmøter 2016-17

Sakspapir nr 5/16-17

Møtedato 25.01.17



utgjere ein del av styret sikrar desse gruppene sin innflytelse over styringa av institusjonen. Dette har også departementet lagt vekt på i sitt høyringsnotat.

Ein kan og ivareta dei demokratiske omsyna med å halde rådgivande val mellom aktuelle kandidatar. Styret kan tilsette den kandidaten som får flest stemmer. Dette gjorde t.d. NMBU.

Departementet viser til at ein kan nytte andre framgangsmåtar som er kjend i sektoren, også internasjonalt. Ved universitet i Sverige kan ein søke på stillinga gjennom vanleg utlysing, i tillegg kan tilsette og studentar foreslå kven dei meiner passer til stillinga, som i ein nominasjonsprosess. Utover dette bruker ein anten rekrutteringsbyrå og/eller interne rekrutterings-/søkekomitéar.

Finalekandidaten(e) må gjennom fleire intervju, og skal også møte ein «hörandeförsamling» utnemnd av tilsette og studentar, som så skal stemme over dei aktuelle kandidatane. Styret skal så i neste omgang tilrå kven dei vil tilsette, og sender deretter forslag til regjeringa, som til sist tilsett universitetsrektorar i Sverige.

Departementet viser til at kandidatane sine naudsynte faglege og personlege kvalifikasjonar blir best ivaretatt gjennom ein tilsetjingsprosess. Dette legg til rette for rekruttering av den best kvalifiserte leiinga som har rett og høg kompetanse og stor legitimitet både i og utanfor organosasjonen. Andre argument har vore at sidan faglege prioriteringar ofte vil ha økonomiske og administrative konsekvensar, vil ei samla leiing kunne sikre betre samanheng mellom faglege prioriteringar og økonomiske og administrative følger. Det vil og kanskje vere lettare for interne og eksterne aktørar å sjå kven som har ansvaret i ulike saker.

Her vil ein kunne argumentere med at det kan vere vanskeleg å rekruttere ein person med både den fagleg kompetansen som trengs, og den administrative og økonomiske kompetansen som trengs. Dette vil kunne føre til ei svekking av enten administrative og økonomiske sider ved drifta eller faglege, alt etter kva søkjarmasse ein har, og kven ein til slutt tilset. Det er vist til at ein t.d. kan tilsetje ein administrasjonssjef, ho vil likevel operere på vegne av rektor og fullmakter frå henne, og det har vore stilt spørsmål om kor attraktiv ei slik leiarstilling er.

Ein kan og seie at ei delt leiing, mellom faglege og administrative oppgåver, kan gjere at leiarane kan konsentrere seg om det ein kan best, samstundes som leiinga samla sett vil ha breiare kompetanse og større kapasitet. Ved ei slik delt leiing er det viktig at fag og administrasjon ikkje framstår som motsetnader.

Studenttingsmøter 2016-17

Sakspapir nr 5/16-17

Møtedato 25.01.17



Ofte vil sakene vere i gråsona mellom fag og administrasjon, det er då viktig med eit tett samarbeid mellom rektorat og administrerande direktør. For dei som kjem med saka, eller dei saka gjeld, er det viktig at det er klart kvar ansvaret ligg og kven som kan fatte avgjersler.

Både tilsett og vald rektor skal tilsetjast på åremål.

Frå departementet vert det framheva at ein t.d. kan rekruttere frå t.d. universitet i andre land, ein kan soleis få gode leiarar som kan bidra til å løyse nasjonale og globale utfordringar.

Fleire har gått over til tilsett rektor, dette kan delvis skuldast fusjonane og at ein gjennom val hadde risikert at kandidaten frå den største campusane hadde uansett vunne.

d) Strategi

I høringsbrevet datert 26. juni 2015 som vart sendt ut i samband med forslag om endring av UHL skriv departementet blant anna om strategi:

«Strukturendringene i norsk universitets- og høyskolesektor vil gi utfordringer og muligheter og vil kunne få en rekke konsekvenser for alle institusjonene, uavhengig av størrelse, profil eller geografi. Videreutvikling av institusjonenes prioriteringer og satsinger i forbindelse med strukturendringer krever god styring og leiing. Endringene som foreslås, skal underbygge og fremme god styring og ledelse.»

Under dette punktet blir det hevda at sidan alt ansvar er samla, blir behovet for strategisk leiing best ivaretatt med tilsett rektor. Denne ordninga vil og gi betre moglegheit til å utøve tydeleg og langsiktig fagleg leiing.

Motargument her er at det ikkje er belegg for å hevde at valt rektor gir mindre strategisk og styringsdyktig leiing jf. NIFU sin rapport: ulikskapane mellom institusjonane let seg betre forklare ut i frå andre faktorar som intern dynamikk, og faglege og institusjonelle tradisjonar. Det finnes ikkje klare haldepunkt for kva modell som best kan vareta samfunnsoppgdraget og dei utfordringar som institusjonane til ei kvar tid står ovanfor.

Strategisk leiing handlar om gjennomføringsevne og brei legitimitet i organisasjonen. Nokre hevder at ein valprosess bidreg til leiinga sin legitimitet og leiinga sin kjennskap til organisasjonen bidreg til gjennomføringsevne.

Studenttingsmøter 2016-17

Sakspapir nr 5/16-17

Møtedato 25.01.17



Det vert vidare vist til at med dei utfordringane vi har i sektoren, er det viktig at rektor kan fokusere på den faglege strategiske utviklinga, moglegheiter og forventningar som skal realiserast, medan administrerande direktør kan fokusere på dei administrative utfordringane.

Departementet brukar strukturdebatten som eit argument, vidare utvikling av institusjonelle prioriteringar og satsingar i samband med dette krev god leiing. Kor vidt ein av dei to modellane er best i forhold til strukturdebatten vil vere avhengig av kven ein får som leiar, både kven som vert tilsett som rektor og kven som vert styreleiar.